

13.10.2009

Ikkje nokon sofabonde!



Ola frå Jæren, her i aktivitet ved Grano, er såvisst ingen sofabonde. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Han er ikkje akkurat nokon sofabonde, potetbonden Ola Njærheim frå Nærø på Jæren. Han reiser land og strand rundt med produkta sine, og tysdag var han innom Uskedalen og Grano slik han plar vera ein gong i månaden.

- Salet her er litt opp og ned, men stort sett er det bra, sa Ola som var litt stressprega både fordi kundane strøyma til og fordi han straks skulle vidare til neste salsstopp - Statoil på Husnes.

Men han rakk å opplysa om at han har 300 mål potetåker heime å "Jæren og i tillegg forpaktar 200 mål midt på tjukkaste Austlandet, nærmere bestemt ved Einavatnet på grensa mellom Hadeland og Toten.

Men kva seier så kundane i Uskedalen?

- Rasande billeg, er dommen over ein pris på 80 kroner for 10 kilo av både Kers Pink, Beate og Pimpernell. Og det stoppar ikkje der, jærbonden kan også lokka med fleire slags grønnsaker og heilt ferske miljøegg. Han er nesten litt lyrisk i annonsene sine, til dømes skriv han at Kerrs Pinken no er skikkeleg melen og at den opnar seg som ei rose og smeltar på tunga.

Kven kan så stå imot slike formuleringar?

Av Ola Matti Mathisen